

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Neset	FE - 231	15/307

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/2015	Formannskapet	PS	17.11.2015
004/2015	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	01.12.2015
055/2015	Kommunestyret	PS	10.12.2015

Betaling for kommunale tenester 2016

Forslag til vedtak:

Satsar for kommunale tenester vert vedteke slik som skissert i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2016».

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med handsaminga av årsbudsjettet har rådmannen gått gjennom betalingsattsane for kommunale tenester, og lagt inn ei årleg justering av satsane. Alle satsar er samla i eit dokment for å gje ei oversiktleg framstilling av kva dei ulike kommunale tenestene kostar.

Vurdering

Ved justering av satsane for 2016 har rådmannen lagt til grunn ein generell auke i satsane på ca 3 %.

For å kunne gje eit bilete av korleis betalingsattsane har utvikla seg er det laga ei oversikt som viser satsane frå 2012 og fram til 2016.

Kvart område vert ikkje kommentert i dette saksframlegget, men områder der det er framlegg til endringar, eller potensiale til meirinntekt vert nevnt.

Barnehage: Ei auke på 3% vil gje foreldrebetaling på kr. 2.000,- pr. md for heiltidsplass. Me ligg framleis under nasjonal maksprisgrense på kr. 2.580,-. Dersom ein aukar til makspris vil det gje ei årleg inntektsauke på kr. 125.000,-.

Skulefritidsordning: Sats på 1.140,- er vesentleg under det mange andre kommunar tek i foreldrebetaling. Mange stader ligg SFO satsane på same nivå som makspris for barnehage. På grunn av korte skuledagar for dei minste tilbyr kommunen fri SFO i ventetida for skulebuss. Det er difor

ikkje så mange elevar som kjem over 12-timars betalt opphaldstid, og difor mindre å hente på oppjustering av SFO satsane.

Pleie og omsorg: I 2016 vert det føreslege å avvikle tilbodet om plenklypping og snøbrøyting til heimebuande. Grunngevinga for dette går fram av tekstdelen til budsjettet.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at betalingsatsane vert jusetert i samsvar med framlegget.

Formannskapet - 069/2015

FOR - behandling:

Assisterande rådmann orienterte om saka.

FOR - vedtak:

Satsar for kommunale tenester vert vedteke slik som skissert i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2016».

Råd for eldre og funksjonshemma - 004/2015

REF - behandling:

Rådet for eldre og funksjonshemma meiner at ordninga med snøbrøyting skal oppretthaldast.

REF - vedtak:

Merknad til saka: Rådet for eldre og funksjonshemma meiner at ordninga med snøbrøyting skal oppretthaldast.

Kommunestyret - 055/2015

KS - behandling:

Samrøystes

KS - vedtak:

Satsar for kommunale tenester vert vedteke slik som skissert i dokumentet «Betaling for kommunale tenester 2016».

Vedlegg:

Framlegg til Betalingssatsar 2016

Oversyn over betalingssatsar 2012 - 2016